



Jan Iversen
Elstersgt. 8
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/619 - 16/8113

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
25.04.2016

Søknad om løyve til tiltak- Utlegging av flytebrygg på gbnr 45/25

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad om utlegging av flytebrygge på gbnr 45/25 på Vikebø, og ser at det er trøng for tilleggsdokumentasjon. Vi ber om at følgjande dokumentasjon vert innsendt:

- Det er den tinglyste heimelshavar som må søkje om tiltak på eigedommen. Kommunen antar du har ein avtale som gjer deg rett til å legge flytebrygge på omsøkt eigedom på gbnr 45/25 på Vikebø, men før kommunen kan handsame byggesaka, må det ligge føre fullmakt frå heimelshavar av gbnr 45/25 som gjer løyve til å omsøke tiltak på eigedommen.
- I søknaden står det at flytebrygga som omsøkt ikkje skulle vært ein byggesak, då det er tale om utskifting av ei gammal flytebrygge. Vi ber om at det vert lagt fram dokumentasjon som viser at brygga tidlegare har vært etablert på eigedommen, ettersom De opplyser at brygga har lagt slik i 20 år. Meland kommune har sett i ortofoto data tilbake til 2001 og kan ikkje sjå at det i desse karta er etablert ei brygge slik du beskriv. Kommunen vedtok ny kommuneplan 17.6.2015, den åpner for at det: «*På areal med direkte tilknytning til eksisterande bygningar (bustader, fritidsbustader eller naust) er arealformålet i plankartet og føresegner om byggegrense mot sjø etter pbl § 1-8, ikkje til hinder for utlegging av flytebryggje som fellesanlegg på inntil 15 m², med maksimal breidde på 3 m*».

Gbnr 45/25 er avsatt til flytebrygge i kommuneplanen (FL_12) og det er difor tillat med flytebrygge bygd som fellesanlegg i dette området. Dersom flytebrygga skal nyttast for bruk til ein eigedom, er det først avhengig av at det blir gitt dispensasjon frå byggegrense mot sjø etter pbl § 1-8, jmf kommuneplanføresegningen 1.6.7.

- Før saka kan handsamast må manglande dokumentasjon sendast inn, dersom brygga ikkje skal byggjast som eit fellesanlegg, må søknad om dispensasjon sendast inn saman med fullmakt frå heimelshavar. Skal brygga byggast som fellesanlegg må dokumentasjon som viser dette sendast kommunen.
- Bryggja må teiknast i riktig målestokk i kartet og vera målsatt.

- Innsendt gjenpart av nabovarsel viser kvittering frå gbnr 45/131, samt viser det at tre varslar er sendt rekomandert . Vi ber om at De bekreftar at det er dei opplista eigedommene frå nabolista som har mottatt rekomandert nabovarsel, då det ikkje går fram av kvitteringa.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter plan- og bygningslova er gjeve. Dykkar søknad vert lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil den bli tatt opp til ordinær handsaming.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Jan Iversen

Elstersgt. 8

5059

BERGEN